



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

Møtebok

Møtedato: 02.04.2014

Møtetid: Kl. 15:00 – 18:30

Møtested: Kommunehuset - 3. etg.

Saksnr.: 006/14 - 012/14

Følgjande medlemmer møtte

KRF: Stein Robert Osdal. TP: Gunnar Silden, Terje Ødegård. FRP: Marit Swensen, Svein Hansen.

Følgjande medlemmer møtte ikkje

TP: Stine Aase Myhre. H: Eva Janne T. Årvik Begge hadde meldt forfall til møtet.

Følgjande varamedlemmer møtte

TP: Judith Kvåle H: Kjetil Vetrhus

Følgjande frå administrasjonen møtte

Kommunalsjef Oppvekst Bård Fløde, som og førte møteboka.

Merknad til innkallinga

Ingen

Merknad til saklista

Merknad frå FRP v/Svein Hansen om at økonomi ikkje var tema på dette møtet.

Driftsutvalet vedtok å handsame 2 tilleggssaker – Ref. Sak 008/14 Referat nr. 10 og 11:

Sak 011/14 – Budsjettrammer 2014 - Oppvekst

Sak 012/14 – Vidare arbeid med omstilling - Oppvekst

7 voterande

Følgjande saker vart handsama

Sak nr.	Sakstittel
006/14	Godkjenning av møtebok
007/14	Delegasjonssaker
008/14	Referatsaker
009/14	Grunnskulen i Selje - tilstandsrapportering 2014
010/14	Standardheving Kommunale vegar 2014
011/14	Budsjettrammer 2014 - Oppvekst
012/14	Vidare arbeid med omstilling - Oppvekst

Tilleggsaker: 011/14, 012/14

Utskrift protokoll: Medlemmar, møtande varamedlemmar, biblioteka, abonnentar

Utskrift møtebok: Abonnentar, kontrollutvalet, kommunekassa, revisor

Signatur: _____



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	006/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/224
---	----------------------	-----------------------------

Godkjenning av møtebok

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN:

Møteboka frå møte 12.03.14 vert godkjent slik den ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Merknad til møteboka:

Eva Janne T. Årvik møtte som medlem i møtet.

(5 av 7 medlemmar møtte)

KU-006/14 VEDTAK

Møteboka frå møte 12.03.14 vert godkjent slik den ligg føre, med fylgjande korrigerings:

Eva Janne T. Årvik møtte som medlem i møtet.

(5 av 7 medlemmar møtte)

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	007/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/222
---	----------------------	-----------------------------

Delegasjonssaker

DKU. 005/14: Gbnr. - Byggsak - Flytebrygge - Flatraket småbåthavn

DKU. 007/14: Gbnr. 16/2 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Ronny Otneim

DKU. 008/14: Gbnr. 46/29 - Byggsak - Bruksendring del av bygg - Jan Petter Solberg

DKU. 010/14: Gbnr. 44/1 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Ingrid og Per Stave

DKU. 013/14: Produksjonstilskot pr. 20.08.2013 - manuell utbetaling - Kariann Myklebust Fagerli

DKU. 014/14: Parsell av gbnr. 13/12 - Avkøyrsløyve/legging leidningar - Gunnar Aarsheim, Årsheim

DKU. 015/14: Gbnr.89/122 - Byggsak - Garasje - Kjetil Vetrhus

DKU. 016/14: Gbnr. 40/1 - Byggsak - Driftsbygning - Norvald Dalsbø

DKU. 017/14: Per S Røyset - Produksjonstilskot pr. 20.08.2013 - klagesak

DKU. 018/14: Gbnr. 23/49 - Byggsak - Tilbygg lagerbygg - Honningsvåg Maskin AS

DKU. 020/14: Gbnr. 56/1 f. 143 - Delingssak - Grunneigedom - Opplysningsvesenets fond

DKU. 022/14: Skadefelling - Vilt 2014

DKU. 024/14: Gbnr. 45/40 - Utslepsløyve - Fritidsbustad - Ola Drage

DKU. 026/14: Gnr. 56/252 - Byggsak - Tilbygg bustadhus - Trond Ove Ødegård

DKU. 145/13: Gbnr 28/16 - Byggsak - Bruksending - Ralf Alvestad

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Orientering:

Kjetil Vetrhus var inhabil og gjekk frå ved handsaming av delegasjonsak 015/14.

KU-007/14 VEDTAK

Delegerte saker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	008/14

Sakshandsamar: Unni Eltvik Hovden	Arkiv: FE-	Arkivsaknr 14/223
---	----------------------	-----------------------------

Referatsaker

Refererte skriv og meldingar:

Nr	Dok.ID	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	14/762	I	26.02.2014	Region Vest Norsk Bobilforening	Bobiler - Kommunens plikt til parkeringsplass / oppsamlingsplass samt handtering avløpsvann
2	14/769	U	27.02.2014	Statens vegvesen - Region vest	Fartsavgrensing/trafikkregulering - Fylkesvegar i Selje kommune.
3	14/768	U	27.02.2014	Hoddevik Velforening	Veglys Hoddevik
4	14/774	I	28.02.2014	Terje Hoddevik	Veglys Hoddevik
5	14/775	U	28.02.2014	Terje Hoddevik	Veglys Hoddevik
6	14/857	U	11.03.2014	Hoddevik Velforening	Vedk. tilskot til veglys i Hoddevik i Selje kommune
7	14/928	I	10.03.2014	Statens vegvesen - Region ves	Tildeling TIK-midlar 2014 - Trafikktryggingstiltak i kommunane
8	14/1288	I	19.03.2014	Statens vegvesen - Region vest	Avslag på søknad om skilt 142 Barn - Fv 618 Bortne
9	14/1287	I	19.03.2014	Statens vegvesen - Region vest	Avslag på søknad om særskild fartsgrense fv. 618, 631 og 632 - Selje sentrum

10. Komm.sjef Oppvekst: Vedk. forskrift skulekringsgrenser – Ref. oppdrag frå KS 27.02.14.

11. Komm.sjef Oppvekst: Budsjettrammer 2014 - Konsekvensar Oppvekst.

Tilleggsreferat:

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Referatsaker vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

KU-008/14 VEDTAK

01. Teke til vitande.

02. Merknad: Syner til protokoll frå møtet DU 24.10.13 (sak 051/13) om tiltak 29 Fartsgrense Sandvik. Må rettast ang. vedlegg.

03. Teke til vitande.

04. Teke til vitande.

05. Teke til vitande.

06. Teke til vitande.

07. Teke til vitande.

08. Teke til vitande.

09. Teke til vitande.

10. Forskrift skulekrinsgrenser - Vert handsama som eiga sak – 012/14

11. Budsjettrammer 2014 – Konsekvensar Oppvekst - Vert handsama som eiga sak – 011/14

Samrøystes.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret		
Driftsutvalet	02.04.2014	009/14

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FA-A20	Arkivsak 12/587
-----------------------------	-----------------	--------------------

Grunnskulen i Selje - tilstandsrapportering 2014

Dokumentliste

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
2	U	04.05.2012	Dei som skal ha utskrift	Melding om vedtak - Tilstandsrapport for grunnskulen i Selje kommune 2012
3	U	19.07.2012	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Tilstandsrapportering grunnskulen i Selje 2012

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
25.03.2014	Tilstandsrapport 2013.pdf	53872

Saka gjeld

Årleg tilstandsrapportering for grunnskulen.

Opplysningar til saka

ÅRLEG TILSTANDSRAPPORTERING FOR GRUNNSKULEN I SELJE KOMMUNE

Tilstandsrapportering 2014

Frå Utdanningsdirektoratet (Skoleporten):

«Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skuleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I St.meld.nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.»

Tilstandsrapporteringa 2014 er preg a av ei vidareføring av dei satsingsområda som vart presenterte i rapporteringa for 2013. Forsking og praksis syner at ein må ha eit langsiktig fokus på å utvalde satsingar for å endre og betre praksis og resultat. Tilstandsrapporten for 2013 vil difor ligge som eit tillegg til denne rapporten. Fjoråret sin rapport dannar grunnlaget for denne, og ved å legge den ved, treng ein ikkje gjenta så mykje. Lesaren vert difor tilrådd å lese gjennom fjoråret sin tilstandsrapport før han les denne.

Fokusområda læringstiljø, lesing og klasseleiing vart altså vidareførde gjennom året 2013 og held fram. Vi vil difor ta utgangspunkt i det som vart skrive i fjor, og kort orientere om arbeidet i satsingane gjennom siste året.

I 2013 hadde Fylkesmannen tilsyn med dei to største skulane kva gjeld § 9a i Opplæringslova. Vi vil difor gje ei omtale av dette tilsynet.

Rektorane skal gjennom vinteren gjennomføre dialogar om resultatane av dei ulike vurderingane som vert gjennomførde –både nasjonale og lokale. Sjølv om vi som omtalt skal ha fokus på dei nemnde satsingsområda, har vi samstundes eit blikk på korleis utviklinga er på alle områda. Dette gjeld både faga og læringstiljøet ved skulane.

Utdanningsdirektoratet genererer kvart år ei samanstilling av resultatane for heile kommunen. Vi skal gjengje dei viktigaste funna her (sjå under «resultat») Dei vil også kunne vere gjenstand for dialog i «Oppvekst sin time» i Driftsutval og Kommunestyre.

LESING

Resultata på nasjonale prøver syner at vi framleis må «halde trykket» på dette fokusområdet. Som nemnt i innleiinga tek det tid å få til endringar. Seljeskulane arbeider vidare med å betre leseopplæringa. Det har sidan starten vore eit særleg fokus på at alle lærarane skal vere «leselærarar»: det er lesing i alle faga i grunnskulen, og det er difor viktig at lærarane som underviser i dei ulike faga, alle er medvitne ansvaret å utvikle dyktige lesarar. Arbeidet med ein leseplan held fram: det vert arbeidd med ein oversikt over god praksis på dei ulike trinna. Dette arbeidet vert samordna slik at resultatet blir omdelt og kjem alle skulane til gode. Skulane gjennomfører ei systematisk kartlegging av tiltak og metodar i arbeidet med lesing på skulen, i samarbeidet med foreldra og i alle fag. Viktig her er arbeidet med lesing som grunnleggjande ferdigheit og vurderinga av denne ferdigheita. Kartlegging av og tilgang til nok og godt materiell, også digitalt, er ein viktig del av arbeidet.

I ulik grad har skulane også gjennomført særskilde prosjekt som gjeld lesing: «lesestund på biblioteket», «lesestund i barnehagen», «lyttevønn», «lesekvart».

Siste året har særleg rektor på Flatraket skule synt veg i dette arbeidet.

KLASSELEIING

Forsking og erfaring syner at føresetnadane for å få god læring i skulen, er gode relasjonar mellom elev og lærar og mellom elevane. Arbeidet med klasseleiing handlar også mykje om at elevane møter lærarar som er strukturerte, har klare forventningar til elevane og praktiserer og handhevar reglane på skulen likt.

Elevundersøkingane syner at dette vert gjort i ulik grad i skulane våre, og at det er betringspotensiale. Skulane i Selje kommune har mange gode klasseleiarar blant lærarane. Ny forskning og kunnskap om kva som nyttar i arbeidet i skulen, gjer at alle lærarane kan vidareutvikle seg som klasseleiarar. Dette vil få særskilt fokus.

Klasseleiing, eller «læringsleiing», kan øvast på og lærast. Faglitteraturen og Utdanningsdirektoratet sine side presenterer gode verkty for læringsleiing, og dette temaet vil få eit særskilt fokus i Selje-skulane det næraste året. Det er no ei nasjonal obligatorisk satsing på «skulebasert kompetanseheving» -- og grunnskulen i Selje vil nytte denne satsinga til å styrke dei fokusområda vi allereie arbeider med (klasseleiing/læringsleiing og lesing). Fleire av lærarane i Selje kommune har nyleg teke vidareutdanning i dette temaet, og vi vil at denne kompetansen skal komme alle lærarane til gode.

LÆRINGSMILJØET

Det vert gjennomgåande arbeid med å betre elevane sitt læringsmiljø. Særleg gjeld dette det psykososiale læringsmiljøet.

Lars Arild Myhr frå SePU (Senter for praksisrettet utdanningsforskning) gjev slik definisjon på «læringsmiljø»:

*Med læringsmiljøet forstås **miljømessige faktorer** i skolen som:*

- *Vennskap og relasjonar til jevnaldrende*
- *Relasjonar mellom elev og lærer*
- *Lærereens ledelse av klasser og undervisningsforløp*
- *Normer og regler*
- *Elevsyn og forventningar til læring*
- *Samarbeid mellom heim og skole*

Myhr seier at det viktigaste for å oppnå eit godt læringsmiljø for elevane, er god undervisning! Der det skjer god læring gjennom gode mellommenneskelege relasjonar, får ein eit godt læringsmiljø.

Dette understrekar betydninga av arbeidet med «læringsleiing» som vi har omtala lenger framme.

I 2013 hadde Fylkesmannen tilsyn med to av skulane våre kva gjeld Opplæringslova § 9a – avgrensa til å gjelde det psykososiale miljøet. Dei to skulane skulle før tilsynet sende inn dokumentasjon på korleis dei arbeidde med dette. Fylkesmannen kom så til Selje kommune og gjennomførde tilsynet gjennom møte og intervju med ulike aktørar innan skulen.

På bakgrunn av all informasjon både gjennom innsend dokumentasjon og besøket i kommunen, laga så Fylkesmannen ein rapport.

Skulane fekk mykje god tilbakemelding frå tilsynet. Fylkesmanne fann det meste på plass. Det vart imidlertid gjeve pålegg om endring på særleg tre område:

1. Skulane måtte sikre seg at alle kjenner «handlingsplikta» og praktiserer denne. Det betyr at leiinga må sikre seg at alle i skulesamfunnet (inkludert reinhaldspersonell m.fl.) kjenner til innhaldet i §9a og grip inn i samsvar med skulane sine rutinar.
2. Skjemaet for einskildvedtak skal syne at det vert teke stilling til eleven sin rett etter Opplæringslova §9a-1.
3. Skulen syter for at lovpålagde råd og utval har jamlege møte gjennom året, og at det er utarbeidd rutinar som sikrar at råd og utval vert haldne orienterte om tilhøve so er vesentlege for skulemiljøet.

Selje kommune fekk frist til i desember 2013 om å melde attende til Fylkesmannen om korleis desse tilhøva vert retta opp og dokumenterte. Dette vart gjort i brev til Fylkesmannen der det vart dokumentert at dei nemnde pålegg var retta opp.

Fylkesmannen gjennomførte på nyåret 2014 eit «ettertilsynsmøte» med fleire av Nordfjordkommunane ut frå at dette var eit «lærande tilsyn». Med utgangspunkt i tilsynet i Selje, inviterte Fylkesmannen fleire av Nordfjordkommunane til å arbeide parallelt med Selje med dette temaet i løpet av hausten 2013.

I Utdanningsdirektoratet sin genererte tilstandsrapport for Selje kommune, er det elevundersøkinga frå 2011 – 2012 som ligg inne. Vi har gjennom rapportportalen hjå Udir henta ut snittsvara for Selje kommune under elevundersøkinga hausten 2013. Vi har med frå desse funna under «Resultat».

Det fysiske miljøet

Frå Opplæringslova:

§ 9a-2. Det fysiske miljøet

Skolane skal planleggjast, byggjast, tilretteleggjast og drivast slik at det blir teke omsyn til tryggleiken, helsa, trivselen og læringa til elevane.

Det fysiske miljøet i skolen skal vere i samsvar med dei faglege normene som fagmyndigheitene til kvar tid anbefaler. Dersom enkelte miljøtilhøve avvik frå desse normene, må skolen kunne dokumentere at miljøet likevel har tilfredsstillande verknad for helsa, trivselen og læringa til elevane.

Alle elevar har rett til ein arbeidsplass som er tilpassa behova deira. Skolen skal innreiast slik at det blir teke omsyn til dei elevane ved skolen som har funksjonshemmingar.

Dersom ein elev eller forelder, eller eit av råda eller utvala ved skolen der desse er representerte, ber om tiltak for å rette på fysiske miljøtilhøve, skal skolen snarast mogleg behandle saka etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova. Om skolen ikkje innan rimeleg tid har teke stilling til saka, vil det likevel kunne klagast etter føresegnene i forvaltningslova som om det var gjort enkeltvedtak.

Det er eit faktum at delar av bygningsmassen i skulane i Selje tek til å bli nokså nedsliten. Utstyret inne i skulane er også delvis nedslite. Skal § 9a-2 i Opplæringslova innfriast, må det avsettast relativt store investeringsmidlar for oppgradere det fysiske læringsmiljøet.

RESSURSAR

Som nemnt i tilstandsrapporten i fjor, laga kommunalsjef og rektorar våren 2012 ei norm for minstestyrking av klassar/grupper i grunnskulen i Selje kommune. Denne norma vart drøfta med Driftsutvalet, som uttrykte at dette burde vere eit minimum for undervisningstilbodet i Selje kommune.

Alt frå starten på 2013 fekk grunnskulen kutt i rammene som førte til at undervisningstilbodet vart under denne minstenorma. Ny «ostehøvling» av budsjettrammene for sektoren i budsjettet for 2014, gjer at det vert svært vanskeleg å gjennomføre den lovpålagde undervisninga. Tiltaka som må gjennomførast for å nærme seg vedteken ramme, vil bli presenterte for og drøfta med politisk nivå utetter våren.

RESULTAT

Resultata frå nasjonale målingar henta ut gjennom Utdanningsdirektoratet sine sider, syner her direktoratet sin «tilstandsrapport» samla for Selje kommune. Her er resultata frå nasjonale prøver og eksamen tekne med. Med utgangspunkt i eksamensresultat, er grunnskulepoeng utrekna. Her også med om gjennomføring i vidaregåande skule.

På eit tidlegare dialogmøte vart det presisert for politikarane at tolking av resultata på nasjonale prøver, er krevjande. Det vil bli høve til å drøfte desse under dialogmøtet.

Ein bør spørje seg kva som er føremålet med nasjonale prøver. Svaret kan vere:

- *Setje ein standard for grunnleggjande ferdigheiter i lesing, rekning og engelsk*
- *Gjere det mogleg for skulen å endre praksis*

Det er viktig å vite at berre dei flinkaste elevane kan greie alle oppgåvene, og at skulane i Selje kommune svært sjeldan frittek elevar frå å delta på dei nasjonale prøvene.

Ut frå varierende resultat, kan det vere nærliggande å spørje om dette:

- Har nokre av elevane hatt udugande/ dugande lærarar?
- Var ikkje opplæringa i faget god nok dette året/ var undervisninga særskild god?
- Var det svært svake/ sterke elevar i dette årskullet?
- Kor mange elevar var det i gruppa/ årskullet? (dess færre elevar, dess større utslag)

Det er også viktig å ikkje la dei nasjonale prøvene vere altfor styrande for innhaldet i undervisninga: det skal ikkje drillast særskilt på innhaldet i NP.

Dei nasjonale prøvene kan vere ei viktig rettesnor. Difor er det viktig å bruke resultata på ein god måte. Kva betyr resultatet for den undervisninga som vert gjeven til klassa /gruppa? Kva med einskildeleven? Må vi gjere noko med opplæringa i faget? Kva betyr resultatet for rettleiinga til eleven og foreldra?

Vi har i dag fått verkty som hjelper oss å «bryte ned» og tolke innhaldet i resultata av dei nasjonale prøvene. På denne måten kan innsatsen bli meir målretta.

Frå Utdanningsdirektoratet sin «tilstandsrapport»

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet. I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.


Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Selje kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten


Vurdering

Sjølv om lesing er eit satsingsområde i Selje kommune, ser vi av resultatata at det framleis er ein veg å gå for å få fleire elevar opp på høgaste meistringsnivå. Vi ser at det er flytta mange frå lågaste til midtarste nivå, men at det diverre er eit lågare resultat på høgste meistringsnivå enn tidlegare. Det særskilde fokuset i lesing må difor halde fram.

Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Selje kommune skoleier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi ser at Selje over tid har hatt betre resultat i lesing på ungdomstrinnet enn på barnetrinnet: det er færre på dei lågaste meistringsnivåa. Likevel ser vi at vi har ein jobb å gjere med å føre fleire elevar opp på dei høgaste meistringsnivåa. Altså må fokuset på lesing i alle fag også halde fram på u-trinnet.

Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk


Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre mestringsnivå, der mestringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på mestringsnivåa.

Selje kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi registrer ei positiv utvikling der del elevar på lågast meinstringsnivå er i nedgang, medan del elevar på høgaste mestringsnivå har auka vesentleg siste året.

Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk


Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Selje kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Medan vi registrerte ei positiv utvikling på barnetrinnet, ser vi det motsette for u-trinnet.

Nasjonale prøver engelsk 5. steget


Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Selje kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi ser at resultata ligg relativt stabile. Det er likevel noko urovekkande at del elevar på lågaste meistringsnivå har auka til fordel for del elevar på høgaste meistringsnivå.

Nasjonale prøver engelsk ungdom. steg


Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

Selje kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Det er grunn til å spørje kvifor det er så stor auke i del elevar på nest lågaste meistringsnivå til fordel for resultatane på dei tre høgaste meistringsnivåa.

Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget.


Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

Selje kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole, 2012-2013

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Vi ser at eksamensresultata i Selje kommune ligg relativt høgt samanlikna med fylke og nasjonalt.

Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole.


Grunnskolepoeng er rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

Selje kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole



Selje kommune skoleeier, Grunnskole

Illustrasjonen er henta frå Skoleporten

Vurdering

Med utgangspunkt i relativt gode eksamensresultat, gjev dette også relativt høgt score på grunnskulepoeng. Vi registrer også at det i Selje kommune er godt samsvar mellom eksamenskarakterar og standpunktkarakterar i faga.

Gjennomføring

Om Gjennomføring

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO+

Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

Selje kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012 | Grunnskole

Indikator og nøkkeltall	Selje kommune skoleeier	Kommunegruppe 01	Sogn og Fjordane fylke	Nasjonalt
Elever (16 år) som er registrert i vidaregåande opplæring samme år som avsluttet grunnskole	96,0	97,8	⊘	97,8

Vurdering

Vi registrerer at Selje kommune ligg med eit noko høgare fråfall enn verdiane for kommunegruppe og nasjonalt. Sjølv om dette likevel gjeld relativ få elevar, er det grunn til å sjå på årsakssamanhengane her!

FRÅ ELEVUNDERSØKINGA

Som nemnt lenger framme, har ikkje Utdanningsdirektoratet sin tilstandsrapport med resultatane frå den siste elevundersøkinga (har med den frå året før). Vi skal difor kommentere resultatane frå siste elevundersøkinga her. Desse resultatane er gjennomsnittet for kommunen. Det vil difor vere variasjonar frå skule til skule på dei ulike indikatorane. Dette er gjenstand for dialogar på den ein skilde skule.

Trivsel

Jamt over svarar elevane om god trivsel på skulen. Elevane seier at dei har nokon å vere saman med i friminutta. Vi ser imidlertid at skulearbeidet kan opplevast meir interessant for ein del av elevane.

Heim/skule

Fleirtalet av elevane seier at heimane syner interesse for skulearbeidet deira. Dei fleste elevane seier at dei får hjelp heime med skulearbeidet. Elevane opplever at foreldra oppmuntar dei i skulearbeidet. Sjølv om dei fleste opplever forventningar heime om at dei gjer så godt dei kan, svarar ein del elevar at dette ikkje er tilfelle.

Støtte frå lærarane

Elevane svarar at lærarane bryr seg om dei, har tru på dei, syner respekt og gjev dei hjelp. Svarene syner likevel eit betringspotensiale kva gjeld oppfølging for å forstå det dei skal lære.

Arbeidstilhøve og læring

Dei fleste elevane seier at dei får høvelege utfordringar i skulearbeidet. Dei svarar at dei får lekser dei meistrar. Ein del elevar opplever mindre relevans og nytteverdi av det dei lærer.

Svarene frå elevane kan tyde på at lærarane kan bli betre på gje elevane ulike læringstilar og arbeidsmåtar i læringsarbeidet.

Ut frå elevsvara er det relativt mykje uro i klassane i lærings situasjonene.

Det er urovekkande at relativt mange elevar svarar at medelevane ikkje tykkjer det er viktig/greitt å jobbe med skulearbeidet! Det er altså ikkje «kult» å vere skuleflink og gjere det godt i skulearbeidet.

Vurdering for læring

Elevane seier at lærarane er relativt flinke til å forklare mål og kva som må vektleggast i faga når skularbeidet skal vurderast. Elevane uttrykkjer også at lærarane i stor grad fortél kva som er bra i arbeidet deira, og kva som skal til for å bli betre. På det siste temaet kan det verke som om lærarane kan gje slik tilbakemelding oftare.

På spørsmålet om elevmedverknad i vurdéringsarbeidet, svarar elevane at lærarane har eit klart betringspotensiale.

Medverknad

På spørsmål om elevane får vere med på å bestemme korleis dei skal jobbe, samsvarar svara frå elevane med inntrykket av at det kan nyttast større variasjon i arbeidsformer (sjå ovanfor). Ein del av elevane meiner dessutan at skulen i mindre grad høyrer på kva elevane føreslår. Dei fleste seier likevel at dei vert tekne med i arbeidet med å lage reglar i skulen.

Reglar på skulen

Dei fleste elevane svarar at dei er kjende med kva reglar som gjeld og korleis dei skal ha det på skulen. Dei fleste svarar også at dei vaksne syt for at reglane vert handheva. Imidlertid svarar ein del av elevane at dei vaksne ikkje reagerer på same måte overfor alle elevane når reglar vert brotne. Elevane opplever også at lærarane har ulike reglar og har ulike reaksjonar på regelbrot.

Trygt miljø

Elevane opplever at dei vaksne reagerer når elevane ikkje er greie mot kvarandre. På spørsmålet om å gjere narr av kvarandre når nokon gjer feil, er det ein del som opplever å bli gjort narr av. Det er også ein del elevar som opplever ikkje å ha nokon i klassa å snakke med viss dei blir plaga. Sjølv om dei fleste opplever å ha det, svarar nokre elevar at dei har få eller ingen vaksne å snakke med om dei har behov for det.

Elevundersøkinga fortel om at det er lite mobbing i skulen.

Saksgang

Kommunestyret gjer vedtak.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunestyret tek tilstandsrapporten for grunnskulen 2014 til vitande.

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Driftsutvalet tilrår samrøystes at Kommunestyret tek tilstandsrapport for grunnskulen 2014 til vitande.

KU-009/14 FRAMLEGG

Som framlegg frå Driftsutvalet.



SELJE KOMMUNE

Driftsutvalet

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	010/14

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Terje Nybakk	FA-Q10, TI-&47	14/212

Standardheving Kommunale vegar 2014

Dokumentliste

Vedlegg i saka

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.03.2014	VEDLEGG 1.pdf	53917
26.03.2014	VEDLEGG 2.pdf	53914
21.03.2014	Kart-Honn.våg.pdf	53780
21.03.2014	Kart-Barmen-Røyset P1-4.pdf	53781
21.03.2014	Kart-Barmen-Røyset P5-8.pdf	53782
21.03.2014	Kart-Barmen-Røyset P8-11.pdf	53783
21.03.2014	Kart-Barmen-Røyset P19-20.pdf	53784
21.03.2014	Kart-Eltvik-sentrum.pdf	53785
21.03.2014	Kart-Eltvikstranda 4.pdf	53786

Saka gjeld

Standardheving kommunale vegar 2014.

Opplysningar til saka

På investeringsbudsjettet for 2014 er avsett 1,2 mill. kroner + mva. til standardheving av kommunale vegar i 2014.

Sakshandsamar har i samarbeid med arbeidsleiar, vurdert tilstanden på kommunale vegar, og utarbeidd ei oversikt som også inkl. kostnader med oppgradering og framlegg til prioritering i 2014 / 2015 / etter 2015, jfr. Vedlegg 1 .

I KU-sak 024/13 låg ved ei førebels prioritering for 2014. Ved årets vurdering /prioritering er det teke utgangspunkt i prioriteringa i den saka.

*Ved handsaming av KU-sak 024/13 låg elles føre skriv, dagsett 14.11.2011, frå Stadlandet Båtlag om å få refundert kostnaden dei har hatt med asfaltering av den kommunale vegen til småbåthamna, kostnad om lag kr. 65.000,-.
Dee vart ikkje prioritert i den saka, og bør vurderast på nytt for 2014.*

Prioriteringa for 2014 vert med dette lagt fram for driftsutvalet for handsaming og vedtak.

Tiltaka for 2015 må som tidlegare sjåast på som førebelse prioriteringar som må handsamast på nytt ved neste års prioritering. For 2015 er det lagt til grunn ei løyving på om lag 1,2 mill. kroner.

Finansiering

I flg. budsjettvedtaket skal tiltaket finansierast ved opptak av lån.

Det vert her gjort merksam på at endring av mva-reglane for arbeid på veg no er endra slik at det no skal reknast mva. på alt som gjeld veg

Sakshandsamar si vurdering

Då det etter sakshandsamar si vurdering ikkje er noko interne endringar når det gjeld tilstanden på kommunale vegar, er det ikkje føreteke endringar i høve den førebelse prioriteringa frå 2013, sak 024/13. Denne vart føreteke med utgangspunkt i ei forventa løyving på 1 mill., med veg på Barmen og Honningsvåg som prioriterte vegstrekningar.

Med bakgrunn i at årets løyving er auka til 1.2 mill, er i tillegg deler av Eltvikvegen kome med i år.

- Deler av vegen i Honningsvåg vart forsterka i 2012, med det for auge å legge fast dekke på den i 2014. Sjølve toppdekke er pr. dato i elendig forfatning. I tillegg må ein 60 m lang støttemur på denne strekninga forsterkast og påsettast rekkverk. Berekna kostnad om lag 120.000 kr. eks. mva., jfr. Vedlegg 2. Aller helst skulle muren vore fjerna og erstatta av ein ny, men då snakka vi om eit million-prosjekt.
- På Barmen er det for så vidt berre å velje ut dei verste strekningane. Planlegg å utbetre om lag 1700 m, når vi fyrste er på Barmen med leggeutstyr.
- Når det gjeld Eltvikvegen vart deler av den sporlagt i fjor haust. Denne gang er det planen å sporlegge i «sentrum». Ikkje det mest ideelle å berre sporlegge, men med den trafikken som er på denne vegen og med den økonomiske situasjonen kommunen er i, ser ein ikkje anna utveg.

Når det gjeld søknaden frå Stadlandet Båtlag om refusjon av kostnader til asfaltering, finn ikkje sakshandsamar å kunne prioritere denne vegen no heller.

Dee med bakgrunn i den svært vanskelege situasjonen på kommunale vegar.

Når det gjeld utnytting av eige materiell, legging av mest mogeleg dekke når ein først er i eit område og kva standard vi må legge oss på for å "rekke" lengst mogeleg, er vurderingane dei same som tidlegare år.

Konklusjon

For 2014 vert det gjort framlegg om slik prioritering innafor avsette midlar, jfr. vedlegget:

ÅR	PRIOR.	VEG	KOSTNAD
2014	1	Veg Honningsvåg, ca. 750 m rehab. + 60 støypekant/rekkverk	450.000
	2	Veg Barmen, rehab. Røyset(1470m) og Myklebust (250m)	580.000
	3	Eltvik sentrum(450 m) + fyrste 100 m i frå XBorgundvåg	170.000
		Sum	1.200.000

Saksgang

Endeleg vedtak i driftsutvalet

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Driftsutvalet vedtek oppgradering av kommunale vegar i 2014 i samsvar med framlegget frå sakshandsamar.

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Framlegg frå Driftsutvalet:

Som tilråding frå administrasjonen med fylgjande endring:

Ber sakshandsamar, om muleg, nedprioritere Røysetvegen til fordel for vegen til Myklebust samt andre delar av Barmen.

Røysting:

Framlegg frå Driftsutvalet samrøystes vedteke.

KU-010/14 VEDTAK

Driftsutvalet vedtek oppgradering av kommunale vegar i 2014 i samsvar med framlegget frå sakshandsamar.

Ber sakshandsamar, om muleg, nedprioritere Røysetvegen til fordel for vegen til Myklebust samt andre delar av Barmen.

Samrøystes.

Utskrift til:

Sakshandsamar sender til aktuelle partar.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG

Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	011/14
Formannskapet	23.04.2014	
Kommunestyret	28.04.2014	

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsak
Bård Fløde	FE-150	13/459

Budsjettrammer 2014 - Oppvekst

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
20	I	02.04.2014	Driftsutvalet	Rammer og minimums-behov 2014

Opplysningar til saka

Tilleggssak i Driftsutvalet 02.04.14.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Saka var lagt fram som referat nr. 11 (sak 008/14) - Orientering ved kommunalsjef Oppvekst. Vart vedteke å handsame som tilleggsak.

Vedlegg: Rammer og MINIMUMS-behov 2014» vart lagt fram i møtet

Saka vert å lagt fram for Formannskapet og godkjenning i Kommunestyret.

Framlegg frå Driftsutvalet:

Driftsutvalet tilrår at Oppvekst (inkl. PPT) får tilført minimum 830.000 for 2014 – jfr. utgreiing.

Røysting:

Som framlegg frå Driftsutvalet. Samrøystes.

KU-011/14 FRAMLEGG

Driftsutvalet tilrår at Oppvekst (inkl. PPT) får tilført minimum 830.000 for 2014 – jfr. utgreiing.



SELJE KOMMUNE

SAKSGANG		
Styre, råd, utval	Møtedato	Saksnr
Driftsutvalet	02.04.2014	012/14
Formannskapet	23.04.2014	
Kommunestyret	28.04.2014	

Sakshandsamar Bård Fløde	Arkiv FA-B12	Arkivsak 12/1111
------------------------------------	------------------------	----------------------------

Vidare arbeid med omstilling - Oppvekst

Opplysningar til saka

Tilleggssak i Driftsutvalet 02.04.14.

TILRÅDING FRÅ ADMINISTRASJONEN

Handsaming i Driftsutvalet - 02.04.2014

7 voterande

Saka var lagt fram som referat nr. 10 (sak 008/14) - Orientering ved kommunalsjef Oppvekst. Vart vedteke å handsame som tilleggsak.

Saka vert å lagt fram for Formannskapet og godkjenning i Kommunestyret.

Framlegg frå KRF og TP:

Driftsutvalet tilrår oppstart av arbeid med ny forskrift for skulekrinsar i 2014. Målet er muleg vedtak frå og med skuleåret 2015/2016.

Framlegg frå FRP:

Driftsutvalet kan ikkje tilrå at arbeidet med kringsgrensene skal oppstartast no. Ein viser her til den økonomiske stoda. Pr. dato har ein ikkje den nødvendige oversikta når det gjeld økonomien i kommunen.

Røysting:

Framlegg frå KRF og TP fekk 5 røyster for.

Framlegg frå FRP fekk 2 røyster for.

KU-012/14 FRAMLEGG

Driftsutvalet tilrår oppstart av arbeid med ny forskrift for skulekrinsar i 2014. Målet er muleg vedtak frå og med skuleåret 2015/2016.

